STRYN KOMMUNE

Linda Gytri
Stryn kulturskule

| Vår ref: | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 17/797-11/ FA-B51 EDN | | 08.05.2019 |

**Vedtekter for Stryn kulturskule, gjeldande frå 01.08.2019**

Skule- og kulturutval- 015/19, har i møte 23.04.2019 fatta følgjande vedtak:

# VEDTEKTER FOR STRYN KULTURSKULE

## 1. EIGARTILHØVE

Stryn kulturskule er kommunal. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

## 2. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR

Skule- og kulturetaten har ansvar for forvaltning og tilsyn av skulen. Drifta av kulturskulen høyrer til under kulturavdelinga. Rektor er fagleg og administrativt ansvarleg for innhaldet i skulen.

## 3. FØREMÅL

Kulturskulen skal utvikle elevane sine skapande evner og forståing/oppleving av musikk, drama, dans, visuell kunst og andre kulturelle akvititetar.
Kulturskulen skal vere eit offentleg undervisningstilbod innan kunst og kultur til alle interesserte i kommunen.
Barn og unge skal vere hovudmålgruppene for kulturskulen sine tilbod.
Eleven skal alltid vere i sentrum.
Målet er at den enkelte elev får høve til å utvikle evner ut frå eigne føresetnader, slik at dei kan få ein meiningsfylt, stimulerande og motiverande fritidsaktivitet.

## 4. INNHALD

*Rammeplan for kulturskule*, vedtatt 19.06.2018 (KS-051/18) er utgangspunktet/ retningsgjevande for fagleg innhald i Stryn kulturskule.
Kulturskulen skal tilby opplæring frå kvalifiserte pedagogar og utøvarar.
Kulturskulen skal tilby undervisning enten organisert som individuell undervisning eller i grupper.
Kulturskulen kan tilby opplæring på ulike disiplinar innan kunstfaga, med atterhald

om at ein kan skaffe lærar/instruktør til aktuelle tilbod. Aktuelle opplæringsalternativ er:

Band
Fele/fiolin
Gitar
Piano
Slagverk
Song
Trekkspel
Visuelle kunstfag
Dans
Teater

Det skal utarbeidast årsplan / verksemdplan for kulturskulen.

## 5. RUTINAR VED OPPTAK / PÅMELDING / OPPSEIING AV PLASS

- Kulturskulen føl grunnskulen si skulerute med 38 veker undervisning i skuleåret.
- Opptak vert gjort  ut frå vedteke budsjett og kapasitet
- Påmelding elektronisk via kommunen sin heimeside (https://stryn.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/ )
- Ajourført registrering av elevar er grunnlag for semesterbetaling
- Elevar som får plass i skulen bind seg automatisk for minst eit semester
- Oppseiing av plass skal gjerast skriftleg. Dersom eleven ikkje legg fram legeattest eller flyttemelding ved oppseiing av plass, vert det sendt krav om semesteravgifta for ½ året
- Søknadsfrist/hovedopptak er 1.mai kvart år
- Elevar som ikkje får plass vert sett på venteliste
- Er det ledige plassar etter hovedopptak, vert plassane tildelt etter kvart som søknadar kjem inn.
- Ved nytt inntak vert det teke omsyn til tidlegare søknad om plass og alder på eleven

## 6. ØKONOMI / ELEVAVGIFT

- Kommunestyret fastset kvart år betalingssatsar for kulturskulen etter tilråding frå rådmannen
- Elevavgifta vert fakturert 2 gongar kvart skuleår (haust- og vårsemester).
- Ved oppseiing av plass, og det vert lagt fram legeattest eller flyttemelding, kan elevavgifta bli refundert
- Drift og aktivitet i kulturskulen skal tilpassast vedteke budsjett

## 7. FORVENTNINGAR TIL ELEVEN

- At eleven møter presis og førebudd til undervisninga
- At eleven set av tid til konsertar, framsyningar og prosjekt utanom sjølve undervisninga
- At eleven melder fråvær på førehand til faglærar eller rektor
- At eleven tek omsyn til at han/ho kan misse elevplassen ved gjenteke

ugyldig fråvær, manglande interesse eller dårleg framferd.

Helsing

Edvard Nordang
avdelingsleiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**
Kjell Edvin Solheim
Myrtel Janne Thomassen

STRYN KOMMUNE

**Arkiv:** FA-B51
**ArkivsakID:** 17/797-10
**Saksbehandlar:** Edvard Nordang

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 015/19 | Skule- og kulturutval | 23.04.2019 |

# Vedtekter for Stryn kulturskule, gjeldande frå 01.08.2019

**Bakgrunn for saka:**
5.juni 1997 vedtok Stortinget å lovfeste kulturskulane gjennom dåverande § 42c i Grunnskulelova. Stryn kulturskule sine vedtekter vart vedtekne i skule- og kulturutvalet 25.10.05 (SK-048/05), og har ikkje vore endra sidan. Skulen er pålagd å har godkjende vedtekter etter forvaltningslova.

**Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:**
Opplæringslova § 13-6: Musikk- og kulturskoletilbod

**Ikkje vedlagt sakstilfang:**
Vedtekter for Stryn kulturskule (SK-048/05)

**Saksopplysningar:**
Stryn kommune eig og driv Stryn kulturskule. Drifta av kulturskulen høyrer heime under skule- og kulturavdelinga. Rektor er fagleg og administrativ ansvarleg for innhald i skulen. I 1999 gjekk skulen frå å vere ein rein musikkskule til å bli kulturskule. I samband med denne endringa fekk skulen nye undervisningstilbod som teikning/måling, drama og dans.

Den siste vedtekne forskrifta for Stryn kulturskule var gjeldande frå 01.06.2006.

Opplæringslova § 13-6 seier:

> *Alle kommunar skal, aleine eller i samarbeid med andre kommunar, ha eit musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.*

Stryn kulturskule flytta inn i nye lokale hausten 2018. Dei nye føresegnene er føreslegne gjeldande frå 01.08.2019. Justeringane er ei tilpasning til dei tilboda kulturskulen no kan gje i nye lokale. Det er og ei tilpasning i høve til *Rammeplan for kulturskolen* - *mangfold og fordypning.* Denne planen vart vedteken av Stryn kommunestyre 19.06.2018 (KS-051/18)

Søknad om plass på Stryn kulturskule skjer no ved å nytte elektronisk søknadsskjema på Stryn kommune si heimeside. Det er talet på søkjarar, saman med til tilgang på kvalifiserte lærekrefter, som avgjer kva for tilbod/grupper ein kan tilby opplæring i. Drifta må vere tilpassa vedtekne budsjettrammer. Andre tilbod skulen skal tilby, må vere sjølvfinansierande for å kunne starte opp.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

# VEDTEKTER FOR STRYN KULTURSKULE

## 1. EIGARTILHØVE

Stryn kulturskule er kommunal. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

## 2. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR

Skule- og kulturetaten har ansvar for forvaltning og tilsyn av skulen. Drifta av kulturskulen høyrer til under kulturavdelinga. Rektor er fagleg og administrativt ansvarleg for innhaldet i skulen.

## 3. FØREMÅL

Kulturskulen skal utvikle elevane sine skapande evner og forståing/oppleving av musikk, drama, dans, visuell kunst og andre kulturelle akvititetar.
Kulturskulen skal vere eit offentleg undervisningstilbod innan kunst og kultur til alle interesserte i kommunen.
Barn og unge skal vere hovudmålgruppene for kulturskulen sine tilbod.
Eleven skal alltid vere i sentrum.
Målet er at den enkelte elev får høve til å utvikle evner ut frå eigne føresetnader, slik at dei kan få ein meiningsfylt, stimulerande og motiverande fritidsaktivitet.

## 4. INNHALD

*Rammeplan for kulturskule*, vedtatt 19.06.2018 (KS-051/18) er utgangspunktet/ retningsgjevande for fagleg innhald i Stryn kulturskule.
Kulturskulen skal tilby opplæring frå kvalifiserte pedagogar og utøvarar.
Kulturskulen skal tilby undervisning enten organisert som individuell undervisning eller i grupper.
Kulturskulen kan tilby opplæring på ulike disiplinar innan kunstfaga, med atterhald om at ein kan skaffe lærar/instruktør til aktuelle tilbod. Aktuelle opplæringsalternativ er:
Band
Fele/fiolin
Gitar
Piano
Slagverk
Song
Trekkspel
Visuelle kunstfag
Dans
Teater

Det skal utarbeidast årsplan / verksemdplan for kulturskulen.

## 5. RUTINAR VED OPPTAK / PÅMELDING / OPPSEIING AV PLASS

- Kulturskulen føl grunnskulen si skulerute med 38 veker undervisning i skuleåret.
- Opptak vert gjort ut frå vedteke budsjett og kapasitet
- Påmelding elektronisk via kommunen sin heimeside (https://stryn.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/ )
- Ajourført registrering av elevar er grunnlag for semesterbetaling
- Elevar som får plass i skulen bind seg automatisk for minst eit semester
- Oppseiing av plass skal gjerast skriftleg. Dersom eleven ikkje legg fram legeattest eller flyttemelding ved oppseiing av plass, vert det sendt krav om semesteravgifta for ½ året
- Søknadsfrist/hovedopptak er 1.mai kvart år
- Elevar som ikkje får plass vert sett på venteliste
- Er det ledige plassar etter hovedopptak, vert plassane tildelt etter kvart som søknadar kjem inn.
- Ved nytt inntak vert det teke omsyn til tidlegare søknad om plass og alder på eleven

## 6. ØKONOMI / ELEVAVGIFT

- Kommunestyret fastset kvart år betalingssatsar for kulturskulen etter tilråding frå rådmannen
- Elevavgifta vert fakturert 2 gongar kvart skuleår (haust- og vårsemester).
- Ved oppseiing av plass, og det vert lagt fram legeattest eller flyttemelding, kan elevavgifta bli refundert
- Drift og aktivitet i kulturskulen skal tilpassast vedteke budsjett

## 7. FORVENTNINGAR TIL ELEVEN

- At eleven møter presis og førebudd til undervisninga
- At eleven set av tid til konsertar, framsyningar og prosjekt utanom sjølve undervisninga
- At eleven melder fråvær på førehand til faglærar eller rektor
- At eleven tek omsyn til at han/ho kan misse elevplassen ved gjenteke ugyldig fråvær, manglande interesse eller dårleg framferd.

**Skule- og kulturutval 23.04.2019:**

**Handsaming:**
Skule- og kulturutvalet ber om orienteringssak rundt organisasjonskartet til Stryn kommune på neste utvalsmøte.
Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

**SK- 015/19 Vedtak:**

# VEDTEKTER FOR STRYN KULTURSKULE

## 1. EIGARTILHØVE

Stryn kulturskule er kommunal. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

## 2. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR

Skule- og kulturetaten har ansvar for forvaltning og tilsyn av skulen. Drifta av kulturskulen høyrer til under kulturavdelinga. Rektor er fagleg og administrativt ansvarleg for innhaldet i skulen.

## 3. FØREMÅL

Kulturskulen skal utvikle elevane sine skapande evner og forståing/oppleving av musikk, drama, dans, visuell kunst og andre kulturelle akvititetar.
Kulturskulen skal vere eit offentleg undervisningstilbod innan kunst og kultur til alle interesserte i kommunen.
Barn og unge skal vere hovudmålgruppene for kulturskulen sine tilbod.
Eleven skal alltid vere i sentrum.
Målet er at den enkelte elev får høve til å utvikle evner ut frå eigne føresetnader, slik at dei kan få ein meiningsfylt, stimulerande og motiverande fritidsaktivitet.

## 4. INNHALD

*Rammeplan for kulturskule*, vedtatt 19.06.2018 (KS-051/18) er utgangspunktet/ retningsgjevande for fagleg innhald i Stryn kulturskule.
Kulturskulen skal tilby opplæring frå kvalifiserte pedagogar og utøvarar.
Kulturskulen skal tilby undervisning enten organisert som individuell undervisning eller i grupper.
Kulturskulen kan tilby opplæring på ulike disiplinar innan kunstfaga, med atterhald om at ein kan skaffe lærar/instruktør til aktuelle tilbod. Aktuelle opplæringsalternativ er:
Band
Fele/fiolin
Gitar
Piano
Slagverk
Song
Trekkspel
Visuelle kunstfag
Dans
Teater

Det skal utarbeidast årsplan / verksemdplan for kulturskulen.

## 5. RUTINAR VED OPPTAK / PÅMELDING / OPPSEIING AV PLASS

- Kulturskulen føl grunnskulen si skulerute med 38 veker undervisning i skuleåret.
- Opptak vert gjort ut frå vedteke budsjett og kapasitet
- Påmelding elektronisk via kommunen sin heimeside (https://stryn.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/ )
- Ajourført registrering av elevar er grunnlag for semesterbetaling
- Elevar som får plass i skulen bind seg automatisk for minst eit semester
- Oppseiing av plass skal gjerast skriftleg. Dersom eleven ikkje legg fram legeattest eller flyttemelding ved oppseiing av plass, vert det sendt krav om semesteravgifta for ½ året
- Søknadsfrist/hovedopptak er 1.mai kvart år
- Elevar som ikkje får plass vert sett på venteliste
- Er det ledige plassar etter hovedopptak, vert plassane tildelt etter kvart som søknadar kjem inn.
- Ved nytt inntak vert det teke omsyn til tidlegare søknad om plass og alder på eleven

## 6. ØKONOMI / ELEVAVGIFT

- Kommunestyret fastset kvart år betalingssatsar for kulturskulen etter tilråding frå rådmannen
- Elevavgifta vert fakturert 2 gongar kvart skuleår (haust- og vårsemester).
- Ved oppseiing av plass, og det vert lagt fram legeattest eller flyttemelding, kan elevavgifta bli refundert
- Drift og aktivitet i kulturskulen skal tilpassast vedteke budsjett

## 7. FORVENTNINGAR TIL ELEVEN

- At eleven møter presis og førebudd til undervisninga
- At eleven set av tid til konsertar, framsyningar og prosjekt utanom sjølve undervisninga
- At eleven melder fråvær på førehand til faglærar eller rektor
- At eleven tek omsyn til at han/ho kan misse elevplassen ved gjenteke ugyldig fråvær, manglande interesse eller dårleg framferd.